

 HELSE BERGEN Haukeland universitetssjukehus	JAK-hemmere	
Kategori: Pasientbehandling/Pasientinformasjon	Gyldig fra/til: 10.01.2024/10.01.2025	
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Hudavdelingen	Versjon: 1.01	
Godkjenner: Alf Henrik Andreassen	Informasjon	
Dok. ansvarlig: Ingeborg M. Bachmann	Dok.id: D74101	

Kva er JAK-hemmer

JAK-hemmer blir brukt til behandling av alvorleg atopisk eksem. Ein JAK-hemmer er ein type legemiddel som hemmar ein enzym i cellene, (janus kinase, JAK). Ved å hemme dette enzymet ser ein at ein kan dempe fleire betennelsesstoff og dermed betennelsen som oppstår i huda ved atopisk eksem. Det kan ta nokre veker før ein ser effekten av medisinen på eksemet.

Korleis skal du ta medisinen

Ein JAK-hemmar kjem i tablettform. Det er vanleg å ta ein tablett dagleg. Du kan ta den med og utan mat, men du bør ta den til omtrent same tid kvar dag. Om du gløymer å ta medisinen, kan du ta den så snart du hugsar den same dag. Om du gløymer å ta den ein dag, skal du ta vanleg dose neste dag, du skal ikkje doble dosen!

Kva med biverknader

Vanlege biverknader av JAK-hemmar kan vere hyppigare førekomst av infeksjonar. Ta gjerne kontakt med legen din om du har ein infeksjon, med tanke på om det er aktuelt å pause medikamentet. Ved alvorlege infeksjonar og ved helvetesild bør ein ta ein pause frå behandlinga til infeksjonen har roa seg.

Nokon kan oppleve kvalme og magesmerter, ofte vil dette bli betre når ein har brukt medikamentet ei tid.

Nokon kan få milde plager med kviser.

Nokon kan få høgare kolesterolverdiar, lågare blodprosent og endra leverfunksjon. Dette vil ein fange opp om ein møter til blodprøvekontrollar som avtalt. Dei fleste biverknadane vil normalisere seg om ein reduserer dosen eller avsluttar behandlinga.

Kvinner og JAK-hemmar

Dyrestudier har vist fosterskade ved bruk av JAK-hemmer, og medikamentet skal ikkje brukast av gravide. Det er anbefalt sikker prevensjon under behandling. Behandling med JAK-hemmar skal avsluttast minst 4 veker før ein forsøker å bli gravid.

Det er vist utskilling av JAK-hemmar i morsmelk, og ein bør unngå behandling ved amming.

Kontroller

Når ein startar med JAK-hemmar skal ein ta ei blodprøve kvar månad dei første 3 månadane, deretter kvar 3. månad. Du er sjølv ansvarleg for å møte til blodprøvekontroll, enten på Hudpoliklinikken eller hos fastlegen. Du vil under behandling få innkalling til regelmessige kontrollar ved Hudavdelinga, den første vanlegvis etter 3-4 månader, deretter vanlegvis 2 gongar i året ved stabil situasjon.

Forsiktighetsreglar

Det er anbefalt influensavaksine årleg og pneumokokkvaksine (vaksine mot lungebetennelse) kvart 5. år så lenge ein bruker JAK-hemmar. Om du ikkje har hatt vannkoppar, kan det vere aktuelt med vaksine mot vannkoppar før oppstart. Levande og svekka levande vaksiner bør ein ikkje ta når ein står på JAK-hemmar.

Enkelte legemiddel kan gi auka eller redusert konsentrasjon av JAK-hemmar i blod. Informer derfor alltid om kva medisinar du bruker før du startar med eit nytt medikament.

Ved kirurgisk behandling kan det vere aktuelt å ta pause frå behandlinga. Forhøyr deg i så fall med lege i god tid før eit planlagt kirurgisk inngrep.

Referanser

Interne referanser

Eksterne referanser